



Familien Johan Bringedal med den nye namneplata er i dag på reise frå Stavanger via Amsterdam til Wilhelmstad på Curacao. Minneplata vert montert i denne veka.

På reise til Karibien og Curacao før jul vart grava til Oskar Selmer Bringedal funnen på den protestantiske kyrkjegarden Fortkerk. Bringedal døydde etter ei fallulukke på MT ANNA KNUDSEN i november 1938. Han er gravlagd på den nederlandske øya Curacao. I dag reiser sonen, Johan Bringedal, og barnebarna Oskar og Per til Curacao for å sjå til at grava vert restaurert og få markert hendinga med ei minnestund.

Oskar Bringedal er berre 26 år då den tragiske ulukka førte til hans død langt borte frå heimen i Uskedalen. Oskar hadde alt då vore sjømann i 10 år, var ferdig med styrmannskulen, men segla matros på denne turen. Kona, barn og foreldra visste lite om det som hende før etter han var gravlagd. Skipsreiar Ole Andreas Knutsen skriv i brev 19 desember 1938 til far, Kristian Bringedal, om ulukka og syner stor medkjensle med kona, Borghild, og foreldra. Sonen deira, Johan, var berre 2 år då faren døydde og vart gravlagd på Curacao 10 desember.



Sjømannsgrava vart funnen på ei reise til Curacao før jul. Namnet på gravsteinen er mest utviska. Bilete frå 1950 talet er til god hjelp ved [identifisering](#).

Så lenge bror til Oskar Bringedal, Olav, segla i tankfarten på Curacao, såg han til at grava var synleg og stelt. Det vart lagd blomar på minneplata. I mange år etter det visste familien lite. Det vart gjort forsøk på å finna grava på 1990 talet og seinare utan å lukkast. Familien i Stavanger fekk faktisk melding frå Konsulen på Curacao om at grava var sletta. No er grava funnen og alle avtalar er gjort for å få montert ny namneplate og pusst opp betongramma rundt.

Alt i morgon, etter møte på det lokale kyrkjekontoret, går turen til gravplassen og restaureringa kan ta til. Familien Bringedal har sett av ei veke på øya i Karibien for å sjå til at alt vert gjort på ein verdig og rett måte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Per Bringedal/Kristian Bringedal

Muller	George Melvin	38 jaren	3
Conn	Lucretia Cornelia	86 jaren	!
Þringedal	Oscar	26 jaren	1
Neuman geb. Guilhoux	Lenovia	96 jaren	

Dødsprotokollen, som er arkivert på det lokale kyrkjekontoret, stadfester dødsfallet og gravlegginga.